

Referat

Kommunalsjefgruppa - helse og omsorg

Møte: 5 - 2016
Dato/tid: 17.juni, kl. 09 - 14
Stad: Nordhordland Legevakt
Til stades: Helge Kvam, Mette Fauskanger, Grethe Fosse, Grete Herøy, Elin Eikemo(vara for Helga), Olav Mongstad, Ingebjørg Søreide, Leni Dale og Anne Hildegunn Færøy
Dag Haarklau - sak 27/16
Forfall: Oddvin Neset og Helga Ellingsen
Møteleiar: Olav Mongstad
Referent: Anne Hildegunn Færøy

Saksnr	Saker	VOD	Ansvar
24/16	Godkjenning av innkalling og saksliste Godkjent utan merknader	V	Alle
25/16	Godkjenning av Referat Møte 4-2016, 25.mai Referat godkjent utan merknader. Det vart stilt spørsmål vedr. tidsrammer og finansieringsplan for arbeidet med ny styringsmodell for IKT samarbeidet som det var orientert om i møte 4-16. Saka blir handsama i RU 17.juni der m.a dette vert vurdert.	V	Alle
26/16	<p>Naudnett og first-responder v/Grethe Fosse</p> <ul style="list-style-type: none"> - Orientering om utarbeidd prosedyre for rekvirering av Frist responder(vedlagt) - Orientering om øvelse, opplæring og avvik fra prosedyren. <p><u>Utfordring:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Lege svarer ikkje på utalarmering <p>Akuttmedisinforskrifta stiller krav om at alle fastlegar skal ha Nødnett-telefon på og svare på anrop. Kommunane har ansvar for oppfølging av forskrifta, og at fastlegar følgjer den.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utalarmeringa av Brannvern og First- responder. <p>Etter at Naudnett er tatt i bruk har utalarmering i akutte livstruande situasjoner blitt endra, og det går ikkje melding til Brannvern/First-responder. For å sikra at tilstrekkelege og naudsynte ressursar drar til skadestaden i akutte livstruande situasjoner (raud alarm) må den gamle redningsalarmen, trippelvarslinga bytast ut med ei ny varsling. Grethe Fosse har fått i oppdrag å utarbeide prosedyre for korleis slik varsling skal skje.</p> <p>Prosedyren beskriv korleis lege i vakt kan rekvirera ressursar frå det kommunale brannvesenet ved akutte helseoppdrag (raud respons).</p> <p>Rådmenn i alle kommunar har gitt mynde til å disponere desse ressursane når det er strengt nødvendig.</p> <p><u>Drøfting og tilbakemelding frå kommunane:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - Brannvernet i Austrheim er bekymra for om dei no vert kalla ut så sjeldan at dei vert utsynne i akutte situasjonar. Kan vere nyttig at brannvern/first-responder også blir kalla ut på mindre ulykker/skader. - Det er behov for eit kvalitets-/kvitteringssystem for å sikra at alle i kommunane har forstått og gjennomført opplæring. Det blir stilt spørsmål om dei 9 kommunane kan ha eit felles system for å kvalitetssikre dette. - Grethe Fosse viser til at legevakta har eit system og eige skjema for kvittering og kvalitetssikring av gjennomført opplæring . Dette skjemaet kan brukast i 	O	Alle

	<p>kommunane, og bør vere ein naturleg del av introduksjon planen for nytilsette i kommunane innan helse og omsorg, og som eit ledd i kommunane sine internkontrollsysteem.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Gruppa ber legevaktsjefen sende prosedyre og skjema til repr. kommunalsjefgruppa. - Melding av avvik. <p>Alle kommunane i NH nyttar KF kvalitetssystem for melding av avvik. Det vert stilt spørsmål om ikkje legevakta burde eller kan bruka same system som kommunane. Leni Dale viser til at legevakta kan bruka Lindås sitt avvikssystem og vil ta dette vidare med legevaktsjefen.</p> <p>Konklusjon: Gruppa sluttar seg til at prosedyre for utalarmering vert tatt i bruk og at den vert sendt ut til alle kommunane. Det er semje om at Legevakta sitt system og skjema for kvittering og kvalitetssikring av gjennomført opplæring også vert tatt i bruk i kommunane, og vil be legevaktsjefen sende prosedyre og skjema til kommunalsjefgruppa. Leni tar kontakt med legevaktsjefen for å vurdere bruk av KF-avvikssystem ved Nordhordland legevakt.</p>		Grethe Fosse
27/16	<p>Samarbeid om etablering av ambulante team og ØHD senger innan psykisk helse og rus - 2016 – 2018</p> <ul style="list-style-type: none"> - Gjennomgang og vurdering av framlegg til mandat med samansetting av styrings- og arbeidsgruppe. <p>Dag Haarklau, prosjektleiar presenterte framlegg til prosjektmandat med innleiande kommentarar til faktainformasjon om problemstillingar i prosjektet;</p> <ul style="list-style-type: none"> - Føreligg enno ingen klare føringar eller rettleiarar frå Staten når det gjeld ØHD rus og psykisk helse. Det vert gjeve litt ulike signal i forskjellige samanhengar frå tilsette i dep og dir. - Prosjektleiar jobbar vidare med dialog med Fylkesmannen og KS når det gjeld overordna signal og føringar. - Styringsgruppa meiner at ein må ha ein balanser holdning ift å ta på seg nye oppgåver frå Stat og helseføretak. - Prosjektet må starta prosessen med å kartlegge brukarstraum og status innan aktuelle områder. Jfr. Mandat 3. Gjennomføring pkt 4 og 6. <p>Drøfting av punkt i prosjektmandat.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Pkt. 1 - Ingen merknad - Pkt. 2 - Ingen merknad - Pkt. 3 - Litt drøfting om denne er grei førebels. Ingen endring. - Pkt. 4 - Info om dialog med HB, brukarutval, brukarorg. og fagråd kommuneoverlegar og fagråd psykisk helse <p>Styringsgruppa:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Møta vert lagt parallelt med møter i komm.sjefgruppa, i tenleg frekvens. - Representantane rapporterer til sitt oppnemnde mynde. - Styringsgruppa skal godkjenne samansetting av arbeidsgruppe - Andre aktuelle samarbeidsfora, t.d samarbeidsutvalet vert også orientert. <p>Prosjektleiar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ingen endring <p>Arbeidsgruppa:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ei hovudgruppe som blir supplert med nødvendig kompetanse ihht dei to tiltaka. - Arbeidsgruppa rapporterer til styringsgruppa gjennom prosjektleiar. 	V	Alle

	<ul style="list-style-type: none"> - Elles ingen endring. <p>Referansegruppe</p> <ul style="list-style-type: none"> - Litt ulike tankar om behov og organisering av dette. - Kva skal dette vere og korleis nytte denne? - Prosjektleiar får i oppdrag å leggje fram ny skisse til neste møte. <p>Drøfting av pkt mål, delmål og tiltak.</p> <p>Her må ein etter kvart legge inn konkrete prosessmål mv. Det vart og drøfta korleis ein eventuelt kan knytte til seg kompetanse innan forsking og metode.</p> <p>Viktig at prosjektleiar og arbeidsgruppa nyttar sin praksiskompetanse inn i prosjektet. Men denne kan supplerast med ytterlegere formalkompetanse innan metode og forsking etter behov (Fylkesmannen, KS, Høgskulen i Bergen). Dette for å sikre at ein får ein rett behandling og analyse av datagrunnlaget.</p> <p>Elles ingen endring til framlegget.</p> <p>Konklusjon:</p> <p>Kommunalsjefgruppa takkar for orienteringa og sluttar seg til forslag til framlagt prosjektmandat og samansetting av styrings- og arbeidsgruppe, med merknader slik det er vist til ovanfor.</p>		
28/16	<p>«Open time» og lunsj</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tid til diskusjon og prat om dagsaktuelle tema og felles problemstillingar <p>Sjå orienteringssaker under evt</p>	D	Alle
29/16	<p>Invitasjon til høring - Forslag til veileder om pårørende i helse- og omsorgstjenesten</p> <p>Kommunane har mottatt høyringsbrev er vedr. Veileder om pårørende i helse- og omsorgstjenesten med høyringsfrist 13.september 2016</p> <p>Gruppa drøfta om det skal utarbeidast felles uttale frå kommunane for dette og kom fram til at det ikkje var ønska.</p> <p>Konklusjon:</p> <p>Kommunalsjefgruppa kan ikkje sjå at det er behov for å utarbeida felles uttale frå kommunane ift denne rettleiaren.</p>	V	Alle
30/16	<p>Invitasjon til høring om oppfølging av forslag i Primærhelsetjeneste-meldingen og Oppgavemeldingen mv.</p> <p>Kommunane har mottatt høyringsbrev frå HOD der det m.a er presentert forslag til lovendringar knytt til oppfølging av forslag i Primærhelsetjenestemeldinga og Oppgåvemeldinga.</p> <p>Gruppa drøfta om det skal utarbeidast felles uttale frå kommunane for dette og kom fram til at med utgangspunkt i at kommunane er ulike med tanke på størrelse og organisering, og ikkje minst med tanke på mulige endringar i kommunestruktur i regionen kan ein ikkje sjå at det er hensiktsmessig å utarbeida ein felles uttale.</p> <p>Truleg må det gjennomførast ei drøfting og vurdering i den enkelte kommune, men det kan verer nyttig å ta inn prinsipielle diskusjonar om tema i meldinga og ha ein felles statusgjennomgang på neste møte.</p> <p>Dette er ei sak som kvar kommune arbeider med inn mot sine kanalar - administrativt og politisk .</p> <p>Det er semje om at kvar enkelt kommune har ansvar for å gje høyringssvar eller ikkje.</p>	V	Alle

	Konklusjon: Dette blir sak til neste møte og gruppa ber om at det vert sett av 30 min til ei felles drøfting av tema som kan vere aktuelle og nyttig å drøfta i fellesskap. Kvar har ansvar for å melde inn tema i høyringsforslaget til drøfting.		
31/16	<p>Meldingssaker / eventuelt</p> <p>Omsorgsteknologi: Olav orienterte om pilotprosjekt der Austrheim og Radøy har gått saman for å berekna framtidig behov for omsorgsteknologi. Helge viste til at han har fått i oppdrag å vurdera behovet for omsorgsteknologi i Meland Det kan vere nyttig å sjå på dette i eit meir interkommunalt perspektiv.</p> <p>Lindås kommune - avsluttar sitt pilotprosjekt 31.07. Rapport frå prosjektet kan vere nyttig å få ut i denne gruppa.</p> <p>Samling og sosialt samvere: Mette ønskjer at gruppa har eit møte der ein reiser vekk og kombinerer møte og sosial samling, gjerne med overnatting. Mette tar ansvar og prøver å få Oddvin med på planlegginga.</p>	O	